

ÅRBOK FOR KARMSUND

HAUGESUND MUSEUM

ÅRSHEFTE 1951 — 1955

MUSEUMS- OG HISTORIELAGET FOR HAUGESUND OG BYGDENE
OG
SAMARBEIDSNEMNDA FOR BYGDE- OG BYBØKER I KARMSUND
1956

FORORD

Årbok for Karmsund er eit framhald på eit utvida grunnlag av dei årshefte som med års mellomrom er utgjevne av Museums- og historielaget for Haugesund og bygdene, det fjerde i rekkja. Sidan siste årshefte kom ut i 1950, er det kome til ein ny lokalhistorisk samskipnad, *Samarbeidsnemnda for bygde- og bybøker i Karmsund*, som har nær tilknyting til museums- og historielaget og er i røynda sprungen ut frå det.

Då dette skriftet skulle planleggjast, fall det av seg sjølv at det kom i stand eit samarbeid om det mellom museums- og historielaget og den nye samskipnaden for historienemndene i Karmsund, og det var naturleg å gi skriftet eit namn som uttrykkjer dette samarbeidet. I namnet ligg ein lovnad eller eit ynskje om å koma att, og med det nye arbeidsgrunnlaget som nå er skapt, skulle det ikkje vera umogeleg å gjera *Årbok for Karmsund* til eit årvisst forum for det lokalhistoriske og kulturhistoriske arbeidet her i distriktet. Når det gjeld stofftilfang, viste det seg i minsto alt ved dette skriftet at her er rike kjelder å ausa av, og her er mange både kunnige og interesserte lokalhistorikarar i Karmsund.

Skriftstyret rettar ei varm takk til dei som har skrive i årboka og til dei forretningsfolk, bankar og andre som ved sine lysingar har gjort det mogeleg å få henne prenta, og det vonar at dette tiltaket vil bli møtt med så stor samhug og interesse mellom folk i bygd og by at det gir mot til å koma snart att.

KYRKJA PÅ FERKINGSTAD

1615—1721

AV JØRGEN D. FERKINGSTAD

I «Regnskab for skatten av Bergenhus len for 1563» (prenta i «Norske regnskaper og jordbøker fra det 16de aarh.») finn me m.a. at presten Mads på Ferkingstad det året betalte 5 dalar i skatt. Dette var 25 år etter at Luther-læra vart påboden i vårt land, og me veit at reformasjonen ikkje førde til auke i talet på kyrkjer her i landet dei fyrste par mannsaldrane etter 1538. I den tida vart det tvert imot vanleg at fleire sokner vart slegne saman til eitt prestegjeld med ei hovudkyrkje og eit par annektskyrkjer, men med berre ein prest til alle kyrkjene i gjeldet. Soknepresten i det gamle Skudenes prestegjeld hadde såleis i mest 300 år i alt fire kyrkjer å gjera teneste ved: Hovudkyrkja på Falnes og annektskyrkjene på Ferkingstad, Åkra og i Bokn. Men endå så seint som i 1563 hadde dei altså sin eigen prest ved kyrkja på Ferkingstad. Det er då rimeleg å tru at det har vore kyrkje her dei to siste hundreåra av mellomalderen.

At det har vore *kristen gravlegging* på denne garden lenge før den store manndauden (1350), kanskje alt på 1100-talet, det har me eit prov for i forma på den gamle kyrkjegarden nord-under Himmelsberg: Austsida av kyrkjegardsmuren er nemleg avrunda. I nord og vest har gravleggingsområdet vorte utvida minst ein gong i kvar lei. Her er det difor skarpe hyrna på muren, noko som har vore det vanlege i fleire hundre år no. Men i den fyrste kristne tida her i landet var kyrkjegardsmurane avrunda i alle leier.

Kva tid den *fyrste* kyrkja på garden vart reist, er det no ingen som veit. Me veit heller ikkje noko om sjølv *kyrkjehuset* på Ferkingstad før rekneskapane for kyrkja tek til å bli bokførde fyrst på 1600-talet. Rekneskapsføringa varde til eit par år etter 1720. I 1723 gav nemleg kong Fredrik den 4. påbod om at kyrkjene skulle seljast på auksjon. Ved dette salet kom dei fleste kyrkjene

her i landet i hendene på privatfolk, og rekneskapsføringa vart såleis også ei privatsak. Det offentlege slapp då å halda «Regnschabs Forhør» over kyrkjevevjerjane sine ombodsperiodar, som oftast var på 3 år. Dette har m. a. ført med seg at me veit mykje meir om kyrkjene våre på 1600-talet enn i dei omlag hundre åra etter auksjonen, då det private initiativ hadde ansvaret for vedlikehaldet av kyrkjebygningane.

Kyrkjestolen, som var det gamle namnet på protokollen der rekneskapen for kyrkjene vart innført, tek for kyrkja på Ferkingstad til med «Kierchens Forordning», eit reglement i 10 punkt til rettleiing for prostar, stiftskrivarar og kyrkjevevjerjane. Forordningen er utferda av *Gabriel Kruse*, kongens befalingsmann over Stavanger len, og dagsett Stavanger den 19. oktober 1617.

KYRKJETIENDA

Korleis fekk kyrkjene inntektene sine i eldre tider?

Største inntektsposten for Ferkingstad kyrkje var tienda. Mang ei kyrkje kunne dessutan ha landskyld av gardar og bruk som kyrkja hadde vorte eigar av. I Skudenes prestegjeld hadde såleis Åkra-kyrkja landskyld av 1 vett (6 spann) korn i Nedre-Liknes, og Falnes-kyrkja av 10 spann i Skammanes under Falnes. Men kyrkjene i Bokn og Ferkingstad «haffuer Alldellis ingenn Landschiuldt».

Tienda i dette prestegjeldet vart ytt i korn. Etter ei oppgåve i kyrkjestolen for 1663 vart korntienda i Ferkingstad sokn ytt av desse gardane såleis:

Stava	5 spann	Hemnes	7 spann
Ferkingstad	12 »	Håland	7 »
Nes	4 »	Haga	3 »
Langåker	13 »	Vikra	7 »
Kvilhaug	2 »		

I alt 60 spann

Til dette kom 6 spann av halve Sandve-garden. Sørhelvta av denne garden høyrde på 1600-talet til Falnes sokn.

I gode kornår kunne dette så vidt rekka til, så det mest naudsynlege av utgiftene kunne betalast. Men i ringe kornår vart det vanskeleg å få inn tienda. Andre vanskar kunne koma på for folk og gardar, så tienda ikkje kunne krevjast inn med full vekt. Kring 1670 er det meldt at tienda av Haga er avkorta med heile tiendesumen, fordi garden «aff w-løchelich tilfald Er op Brendt aff dend Schadeligste Jlde Brand oc der for Jche haffuer kundet betaldt sin Tiend som der paa Boer.» Heller ikkje av to gardpartar som har

«ligget vunder fæfod gandsche Øde», den eine på Ferkingstad og den andre på Langåker, er det ytt tiend i desse åra. Kva grunnen er til at desse partane har lege øyde, står det ikkje noko om i kyrkjestolen. Men i matrikkel-verka frå 1660-åra får me veta at gardane langs vestsida av Sør-Karmøy leid skade av sandfok. Dette galdt såleis dei fleste gardane frå og med Akra til og med Mjølhus.

I krigstider fekk futane påbod om å krevja inn kyrkjietienda heilt eller delvis til det militære. Det vart gjort i krigane med Sverige i 1658—60 og 1675—79.

Men jamvel i gode år kunne det verta vanskar med å få inn tienda. Om dette har stiftskrivaren i 1690-åra ført inn ei lang utgreiing, der han klagar over bøndene fordi dei nektar å yta tienda etter at ho nyleg hadde vorte fastsett annleis enn før. Han skriv at ålmugen meiner tienda er deira godviljuge gåve, og at dei sjølve vil avgjera om dei vil yta tienda i korn eller i penger. Ikkje får kyrkjevevja heller den delen av tienda som han skal ha for sin umak, skriv han, slik at no er det vanskeleg å få nokon til å ta på seg ombodet som kyrkjevevje: «Naar de bliver tilsagt at være kirkeverger, bliver de saa forsagt som de skulle gaa til al deris verdslig ruin.» I gode år, hevdar han, hender det at bøndene må selja kornet under takstpris, men i ringe år vil dei betala med pengar (etter takstpris), for då får dei selt kornet til høgare pris enn taksten lyder på. Vil ikkje kyrkjevevja nøya seg med det, så får han ingen ting, for skal han stemna ein mann for ei gjeld på 10 til 40 skilling, kostar det han med stempla papir, løn til skrivaren, reising og umak meir enn kravet. Så må han la det utstå. Difor bed stiftskrivaren øverheita om at det må bli straff over dei som ikkje greier ut kyrkjietienda før jul, og vidare at det må bli fastsett ein gong for alle at tienda anten alle år skal betalast i korn eller også alle år i penger. Med korn meiner han «den beste havre» og ikkje «skille eller det ringeste korn». Det vert aldri ytt anna korn til tienda enn havre, skriv han.

Det var domkapitlet i Stavanger som kvart år fastsette takstprisen for alt tiendekorn i bispedømet, og etter Capitels-taksten vart korntienda utrekna i penger og postert i rekneskapen.

Tiendesummen i spann for denne liksom for dei fleste andre kyrkjene aukar ut igjennom hundreåret, frå mindre enn 2 pund i 1617 til om lag 3 pund i 1721. Også prisen på kornet stig ut etter 1600-talet, frå 2 riksdalar i 1617 til 2 dalar og 3 ort i 1718, men i mellomtida hadde prisen fleire år vore oppe i 3 dalar og vel det.

KYRKJEKYR

Dei andre faste inntektene denne kyrkja hadde, kom frå *leigekyrne*. Det var kyr som var gjevne til kyrkja, og som for kyrkja si rekning vart sett bort på leige hjå folk som skulle fø kua mot å få avdråtten. For det skulle dei betala ein liten sum i leige. Den faste årsleiga for ei kyrkjeku var ut igjennom heile hundreåret 1 ort.

Med same rekneskapane tek til, blir det opplyst at kyrkja har til gode 3 dalar og 1 ort av kyrkjevevja i treårsbolken før 1615. Dette er den fyrste kyrkjevevja for Ferkingstad-kyrkja som me veit namnet på. Han heitte *Ambjørn Sandve*. I margen til vinstre for denne meldinga står det, ført med ei anna hand: «Herfore befindis at werre kommen till kiercken 1 koe, som Jnuentarium er med forbedret.» Dette vil seia at *Ambjørn Sandve* har betalt gjelda si med å gje kyrkja ei leigeku. På den tida hadde kyrkja 2 leigekyr frå før. Når me kjem inn i neste hundreåret, har dette talet auka til fem.

Ein og annan gongen får me veta kven kyrkjekyrne er bortleigde til. I 1671 heiter det at kyrkjekyrne før har vore tre, men er denne gongen to, fordi den eine er krepert. Det skal setjast ei ny i staden, står det. I slutten av 1680-åra er det meldt at to av kyrne er slakta «for alder», men det skulle skaffast to nye i staden og «settes hos Wisse folch», dvs. folk som var i stand til å betala kuleiga. Det var nok ikke sjeldan husmenn og småkårsfolk som såg seg mon i å ha ei kyrkjeku i leige, og det var slett ikkje alltid at deira kår var så romslege at dei greidde å betala leiga. 1 ort (80 øre) var store penger for fatigfolk i dei tider.

Også kyrraleiga kunne det såleis bli vanskeleg å få inn. I rekneskapen for 1710—12 har me eit tilfelle som viser det. I inntektsoppgåva her heiter det m. a.:

«Dend 5te Koe var hos *Morten Achre* på Leye, Manden er slet forarmet og kommen fra gaard og grund, Koen er tillige med forkommen, og ingen vederlaug for Manden at hente.»

Denne hendinga vart det ofra mykje blekk på. I sine vedteikningar har revisjonen hefta seg ved meldinga, og stiftskrivaren fekk pålegg om

«at tilholde kirchevergerne at have tilbørlig indseende med Kirchens Koer, og hvor de fornemmer at Vedkommende som Kierchens Kiør staar hos, schulle komme til agters, saa befrygtes kunde at Kierchens Kiør derover motte forkomme, at de dem da strax til andre vederhæftige bortsætter.»

Til denne revisjons-vedteikninga har stiftskrivaren ført inn ei «Allerydmygst Erklæring», der han skriv at påbodet skal «hørsommeligst efterkommes», men så held han fram:

«derhos vil jeg allerydmygst formode, at naar een eller anden Kirchekoe for Alder, Svagthed eller anden Tilfælde afgaar, og det ved rigtig Attest under tvende eller flere ærlige Danne-mænds Boemercke verificeris, at det saaledes for mine Høiby-dende Herrer maa passere uden videre Bekostning paa et eedelig Tingsvidne, thi ellers afskreckis hver Mand for at tage Kirchens Kiør paa Leje, for den Møje og Omkostnings schyld som til et Tingsvidne erfordres, og bliver da enten Kircheværgerne self bebyrdet med Kirchens Kiør, eller og de sætter dem ud fra sig paa foster, Kirchen til Depense, eller ogsaa maa de dem nolens volens (anten dei vil eller ikkje) udstæde paa Leje hos fattige folck, en formuende bonde tager icke imod dem al den stund hand maa befrygte paafølgende Fortræd og Bekostning paa Tingsvidne.»

Trass i dei audmjuke tiradane var denne fråsegna i røynda ei sakleg og elegant avvising av kritikken i revisjons-vedteikninga. Likevel ser det ut til at kyrkjekyrne frå no av verkeleg er komne til «Wisse folck». Det tykkjest gå fram av rekneskapen for treårsbolken 1713—15, der me har ei heil side med utgreiing om kyrkjekyrne. Det heiter her m.a.:

«Kirchens Kiør er 4, hvor af dend ældste og svageste er død og henfalden, huden wurderit for 1 ort og 16 skilling. Tillagt af Kirchens Penge og kjøbt en ung Koe.

Dend anden Koe staar hos *Siur Heye*.

Dend tredie Koe var hos *Ole Odland*, var gammel og udøgtig, ingen vilde have hende paa Leye, at spendere Foster paa hende var ej heller gafnligt, blev wurderit og solt for 1 dr. 3 ort og 8 sk. Tillagt af Kirchens Penge 1 dr. 16 sks. og skaffed en anden ung og døgtig Koe i stæden, som er udsat paa Leye hos *Thora Syre*.

Dend 4de Koe er opynged i denne maale (periode) og skaffed en ung Koe derfor i stæden, staar hos *Siur Diurland*.

Dend 5te Koe blev given af Bøygde Lensmanden *Claes Nordbøe* in Ao 1713, var et udøgtigt best, som Provsten bevidner, blev derfor wurderit og solt for 1 dr. 2 ort. Tillagt 1 dr. 2 ort og kjøbt en ung Koe i stæden, staar hos *Aanen Sandve*.»

Sjur Dyrland var den eine av kyrkjevevjene i den perioden. Eg vil tru han har vore den ivrigaste til å hjelpa stiftskrivaren med å rydja opp i den ugreia det av og til kunne verta med desse leige-

kyrne. I neste periode er det bokført i alt 15 ort, dvs. mest 4 dalar i kyra-leiga, og så stor sum hadde denne inntektsposten aldri kome opp i før.

UTGIFTENE

Kyrkjeverja skulle ha 6 spann årleg av tiendekornet, og klok-karen i prestegjeldet fekk 4 spann om året av Ferkingstad-kyrkja. Endeleg var det fastsett at pengeverdet av 1 pund tiendekorn kvart år skulle gå til innkjøp av alterbrød og vin til kyrkja.

Forutan desse frådraga i korntienda hadde kyrkja ei rekkje faste avgifter og godtgjersler å betala. Prosten skulle såleis ha 1 ort om året for visitas. Stiftskrivaren skulle ha løn av kvar kyrkje i bispedømet, av denne vart det i slutten av tidbolken 2 ort årleg. Ein skatt til universitetet i Kjøbenhavn var kvart år 23 skilling av Ferkingstad-kyrkja. Til domkyrkja i Stavanger gjekk det 1 ort om året. Til «Regenschabs Forhør» gjekk det 2 ort kvar periode. Endeleg fekk presten 16 skilling for å skriva rekneskapen for kyrkja kvar gong kyrkjeverja skulle gjera rekneskap for ombodstida si.

Til desse summene kom det i mest kvar periode ei eller anna *mellombels* avgift — som t. d. pensjon til bispe-enkja, skatt til oppattbygging av nedbrende kyrkjer og prestegardar kring i landet, og ei rekkje år ein fast sum til ei dansk sjømannskyrkje i London. Så laut kyrkjene også betala ein ekstraskatt til kongen kvar gong han gifte bort ei av døtrene sine. Denne skatten kalla dei «Princess Styr».

Om nå kvar av desse postane for seg berre var heller små sum-mar, så bar det likevel i penger når dei vart ihoptalde. Det som eventuelt vart att av inntektene, gjekk til vedlikehald av kyrkje-bygningen. Vart det ikkje noko att, laut naudsynleg reparasjon like-vel gjerast, og då var kyrkjeverjene ansvarlege for at det vart gjort, og då laut dei og leggja ut for kyrkja. Difor ser me at ho i dei aller fleste periodane er i gjeld til ombodsmennene sine.

Ein kan då ikkje undrast så mykje på at dei som vart opp-nemnde til kyrkjeverjer, kunne verta noko modlause og ottast verdsleg ruin som me har sett. Difor var det også om å gjera for øverheita å få folk som sat nokolunde trygt i det, til å ta på seg verje-ombodet. I «Kirkens Forordning» er det også påbod om det. I punkt 7 står det m. a. at prosten og stiftskrivaren kvart tredje år

skal innsetja i ombodet til kyrkjeverjer (som regel to) «aff de best formuffendis mend udj Sognett ehr.» At dette må ha vore ein regel dei nokså nøye heldt seg til, tykkjest gå fram av eit par døme frå rekneskapane for dei to grannekyrkjene Åkra og Ferkingstad.

Ved den sistnemnde var ein *Østen Wellomsen* kyrkjeverje *åleine* i samfulle 16 år i eitt (1634—1649). Denne Ø. W. var borgar i Stavanger, men han budde på Ferkingstad, i alle fall i ombodsåra sine. *Josep Gundersen* heitte ein annan borgar i Stavanger på den tida. Han budde på Åkra, og der var han kyrkjeverje i 29 år samanhangande. Då Josep fall frå, visstnok i 1670, var Åkra-kyrkja komen i ei gjeld til han på meir enn 70 riksdalar. Dette var ein så stor sum at stiftskrivaren sjølv måtte greia opp med gjelda, og det hadde han bry med mange år frametter, som me skal sjå sidan.

Om *Østen Wellomsen* skal me og få veta meir seinare. Her skal eg berre nemna eit par andre sokne-menn som det ser ut til at kyrkja har hatt god hjelp av: I 1660- og 1670-åra må det ha vore ringe tider i sokna, og det vart lite gjort med vedlikehaldet av kyrkja. I 1666—68 var ein *Lars (Lauritz) Ferkingstad* kyrkjeverje. I hans ombodstid vart det «lagt op» på kyrkja 4 bord og kosta eit vindauga på sørsida, og så vart kyrkja tjørebreidd med halvanna tunne tjøra. Men alt dette var gåver til kyrkja, også arbeidet med vedlikehaldet. Kven gjevaren var, står det ikkje noko om, slik som det elles plar gjera. Det er difor grunn til å tru at det var kyrkjeverja sjølv som kosta det; og endå hadde han over 6 dalar til gode då han slutta i ombodet. Godt og vel 10 år seinare var ein *Gierald Dyrland* kyrkjeverje. Han måtte betala dei faste avgifter og skattar for kyrkja for 6—7 år bakover, og han hadde meir enn 10 dalar til gode etter ombodstida si.

Det var nok så at ettermannen skulle overta gjelda, men det var slett ikkje alltid det vart gjort, det kunne gå både ein og to periodar før kyrkjeverja fekk endeleg oppgjerd for det han hadde til gode. Ein kan godt forstå at folk har leita etter utvegjar så dei skulle sleppa bli sette til eit ombod som kravde så store økonomiske offer, og som kunne føra med seg lite hugnadsame plikter for ombodsmannen personleg. Difor ser me at ein og annan har betalt for å sleppa bli oppnemnde til kyrkjeverjer. På inntektssida for perioden 1704—06 lyder siste posten såleis: «*Erich Andersen Stoel* og *Iacob Thomassen Quilhoug* gived till Kirchen for at være frj for Kirchevergeriet 6 rigsdaler.»

NY KYRKJE. (1635—1655)

Av dei tre annekskyrkjene i prestegjeldet var kyrkja på Ferkingstad den som hadde dei minste inntektene. Likevel greidde soknefolka å halda kyrkja si ved lag, om tidene kunne verta heller knappe. Når det galdt, viste det seg at kyrkjelyden greidde å skaffa til vegar det som trongst — jamvel til å byggja kyrkja heilt «aff Nye».

Den kyrkja sokna hadde då rekneskapane tek til, må ha vore gamal i 1615, men endå heldt dei henne brukande ei 15—20 år til, og i 1620-åra kosta dei ikkje så radt lite på henne.

Den fyrste utgiftsposten som gjeld kyrkjebygningen, er frå 1618. Då har dei kjøpt eit lite vindauga til kyrkja for 2 dalar og 3 skilling. Dei to åra nest etter har dei kjøpt 2 tylvter bord og lagt på taket. Men så er det kje noko til vedlikehald før i 1625. Då har dei kjøpt 150 breie takspan, gjort ferdig «Vdschodit» og preikestolen. Dei har laga ei tropp til preikestolen og flikka over døra. Og så har dei kjøpt hengsler til kyrkjedøra. I 1628—30 har dei kjøpt 250 spon til, og lagt «Quelff» på kyrkja og kosta kyrkjeport. Endeleg har dei gjeve 16 skilling for «1 Alterthouffle att opsette och Winduet at Indhugge».

Takspona la dei oppå taket. Men med kvelven må det vera meint himlingen *inni* kyrkja. Om ho før var open heilt oppi raustet, eller om det var flatt tak over kyrkjeskipet, det får me ikkje greie på i kyrkjestolen. Kva for eit vindauga det var dei hogg inn, står det heller ingen ting om. Var det det dei kjøpte i 1618, så har dei ikkje forhasta seg med å få det på plass. Og det er nok det rimelegaste; for ein ser rett som det er at dei har kjøpt materialar som dei ikkje har gjort bruk av med det same.

Altertavla og preikestolen må ha vore nye inventar på denne tida. Difor er det påfallande at det ikkje finst oppført noko til snikkerløn for anten stolen eller tavla. Om preikestolen heiter det ordrett: «Predichstoelen att forferdige 1 ort». Med dette kan det ikkje vera meint noko anna enn arbeidsløn for montering av stolen i kyrkja. Men desse to dyre inventara har kan henda vore tinga og betalte før 1618, som er det fyrste året det finst innført rekneskap for i kyrkjestolen for Ferkingstad-kyrkja.

Vart det turvande med større reparasjonar, skulle kyrkja fyrst synfarast av stiftskrivaren og prosten saman med kyrkjeverjene og to «dannemend». Slike synfaringar var det ved kyrkjene med visse mellomrom. No viser det seg at det har vore besigtelse, som dei kalla det den tid, ved kyrkja i 1632. Dei må ha funne at den gamle

bygningen hadde tent si tid ut; for alt året etter tok dei til kjøpa tømmer til «Kierchens og Corens endelig fornøden bygning»,

Thomis Ferchingstad har fått 12 dalar for 4 tylvter tømmer «och denum till Kierchen at føre och flode». Tømmeret var 11 og 12 alner langt. Vidare har dei kjøpt 8 bjelkar og 16 sperrer for 3 dalar, og *Johanis Siuffueland* (Sevland?) har fått 6 dalar for 3 tylvter tømmer, «Otte Allen langt till Corit». Så har dei kjøpt 2 tylvter sperrer til, og 100 furubord. Året etter kosta det 1 dalar å kjøra tømmeret opp frå stranda til kyrkja, og byggmeisteren — *Niels tømmermid* heitte han — har fått 1 dalar «paa sin løhn». Forutan nytt tømmer og trevyrke har dei nytta det som var brukande av den gamle bygningen; for i inntektsoppgåva for 1633 heiter det m. a.: «Item som dett wnøttige thømmer aff den Gamble Kierche bleff wurderit fore, Annammit 1 daler 2 ort.»

Frå 1634 og heilt fram til 1655 har dei mest kvart einaste år kjøpt materialar til det nye bygget. Her skal eg referera etter rekneskapane det som har gått med av trevyrke, arbeid og anna til den nye kyrkja før ein kan seia at ho stod fullt ferdig:

- 1634—35: 3 tylvter bord til kyrkja.
100 bord til kyrkjetaket, 9 alner lange «och fir fingr thycke».
- 1636—38: Eit vindauga med karm.
Bordkledd kyrkja på sørsida med 140 bord.
- 1639—41: 3 tylvter bord til koret.
1 tylvt bord til stolar.
- 1639—41: 3 tylvter bord «till Kierchens behouff».
Endå 7 tylvter bord, bjelkar og spiker.
Arbeidsløn på koret og «*polpituret*» (dvs. galleriet).
Ein brurastol.
- 1642—44: Kjøpt og ført til kyrkja, men ikkje «oplagt» på henne ennå: 6 tylvter bord, 6 store bjelkar og 4 eikeplankar til «buster» dvs. mønsåsar.
- 1645—47 6 tylvter bord til «En Kierche Sualle».
Bjelkar og fotstykke til «Suallen».
Bordkledd koret «paa den Vester Side».
- 1648—49: Siste ombodsperioden til Østen Wellomsen. Ingen ting kjøpt desse to åra.
- 1650—51: 1 tylvt bord til «Vindscheyer».
1 tylvt bord til «Suallen».
1 stige.

- 1652—53: Kjøpt vadmål til «Tieruaser», som dei bruka i staden for tjørekvast.
«Kierchesuallen forbedrit.»
- 1654—55: 2 «Kierche Kiøller».
6 tylvter bord til våpenhuset.
Jern til våpenhusporten.
1 tylvt bord til preikestolen og reparasjon av andre stolar. 2 luker for vindaugo.

Av lista ovanfor ser ein at det var i ombodstida åt Østen Wellomsen «paa Ferchingstad» at kyrkja vart bygd «aff Nye». Han hadde alle år pengar til gode av kyrkja, men det vart greitt ordna for kvar periode av stiftskrivaren. Ein gong betalte denne gjelda (15 dalar) «aff de andre Kierchers Pendinge», ein annan gong gav han kyrkjeverja i Akra, *Hans Adland*, pålegg om å levera 5 dalar av overskotet for Akra-kyrkja til avdrag på Østen sitt krav til Ferkingstad-kyrkja. Siste perioden Østen sat i ombodet, slo han sjølv av 5 dalar på sitt krav til kyrkja, som denne gongen og var på 15 dalar.

Det kan såleis ikkje vera tvil om at Østen Wellomsen (Villumsen) har vore ein god mann å ha til kyrkjeverje i dei åra arbeidet med nybygginga stod på, og som me har sett, må det ha tatt 15—20 år før byggverket var fullført. Men så får me og ein tanke om at Østen kan ha hatt grunn til å vera ein raust ombodsmann, når me ser dei merknadene stiftskrivaren har ført til protokolls etter rekneskapsforhøyra i 1640-åra. Der er det opplyst at Ø. W. har innkassert *fisketienda* til kyrkja i fleire år, men ikkje ført henne til inntekt i rekneskapen. Han vert pålagd å gjera det i neste rekneskap. Det er ikkje blitt gjort. Det finst ikkje i heile hundreårsbolken oppført ein einaste skilling i fisketiend til kyrkja på Ferkingstad.

TRONGE TIDER. (1655—1685).

Når det gjeld vedlikehaldet av kyrkja, er det i mest alle desse åra berre ført opp utgifter til kjøp av tjøra og arbeidsløn for breiding av tak og vegger på kyrkja. Ei oppteljing viser at det i tida frå 1636 til 1668 vart skaffa og brukt på kyrkja i alt 12 tunner tjøra, medan det i dei fylgjande 50 åra er meldt om berre 6 tunner til det same, og av dei var helvta gåver.

I perioden 1672—74 møtte ikkje eingong kyrkjeverjene til rekneskaps-forhøyr, korkje frå Akra eller Ferkingstad. Bispen la noko av skulda for dette på stiftskrivaren, som sat i Stavanger og kravde at ombodsmennene skulle møta heime hjå han når dei skulle gjera

rekneskap for ombodstida si. Bispen skriv, at i fall stiftskrivaren reiste rundt og heldt forhøyr i kvart prosti som skikken var, og som denne stiftskrivaren sjølv hadde gjort før, så ville nok kyrkjeverjene møta fram. Stiftskrivaren lika ikkje denne kritikken. I sine merknader til vedteikningane frå bispen talar han om «Bispens hadefuld hiertte Jmod Mig til V-tidig fore Bringelser», og meiner at kyrkjeverjene i Karmsund får finna seg i å reisa «Jchun 4re Miller» når andre «fattige Kirche-Ombudtzmend maa Reisse 13 Miller for Hans Søns Schyld», kva han nå kan meina med det. Det ser elles faktisk ut som han rekna seg sjølv med mellom dei fatige ombodsmennene som bispen ikkje hadde nokon «Med-Ønch» med.

Heller ikkje i neste periode møtte verjene i Åkra og Ferkingstad til rekneskap. Men no skriv stiftskrivaren at

«Aarsagen til Vdebliffuelsen maa vist have været de Mangels poster som udi kirkernes regnskaber for nogle aar siden er gjort, saa man snart ei kan faa nogen til kirkevergere, helst til saadane kirker der lidet har andet end den ringe korntiende, som nu omstunder naadigst følger militien» (dvs. blir innkravd til det militære).

Ikkje berre krig gjorde det vanskeleg for ombodsmennene å skaffa det som trongst til å greia utgiftene for kyrkja. Nedsanding av gardar og brannskade på hus kunne leggja vanskar i vegen, som me har sett. Men kyrkja sjølv kunne bli utsett for annan naturskade òg. I 1778—80 er dette innført:

«Wdschaadet som forgangen Vinter (1679—80) Nedblæste och en stoer Deel aff Bordene Sønderslagne, Er siden Opbyggt igien.»

Til dette gjekk det med 18 nye bord, spiker, tjøra og arbeid i 3 dagar med kost og løn for 2 mann. I perioden etter har dei til «it Lidet udschaad paa dend Søndre Side Wed Alteret bekostet» 18 gode bord, forutan 6 bord til døra i utskotet, jarnhengsler og arbeidsløn.

Som ein vil ha sett, har dei no fått råd til å kosta litt på vedlikehaldet. Men stiftskrivaren — han heitte *Peder Sørensen* — har nok ikkje sett lysare på den økonomiske stoda til Ferkingstadkyrkja enn han hadde gjort sidan 1670. Det viser seg i det framlegget til styremaktene som han har ført inn etter rekneskapen for 1681—83. Dette er siste rekneskapen me veit om at denne skrivaren har forhøyrert. Rekneskapane for 1684—85 finst ikkje, og i oppgjeret for 1686—88 er det kome ny stiftskrivar. Men det framlegget

som P. S. ville ha statsmaktene til å gå med på, er eit så interessant dokument at eg skal ta det med her utan avkorting, berre ein grand modernisert i rettskrivinga:

«Eftersom Ferkingstad og Akre Kirker ere for nær hinanden paa et Land, og begge udi et Prestegjeld, der ikke av egne Midler kan holdes vedlige, og derfor nu begge meget forfaldne og Hjelp storlig i Tide behøver, thi er best om det gunsteligens maa behage Kirkens høie Patroner at Akre Kirke av disse tven- de alleneste maatte holdes vedlige med Prediken-Bygning og alt som dertil hører. Saa kunde Akre Kirke større bygges av det Træfang døgtig eragtes fra Ferkingstad, om den maa nerrives, dog Ferkingstad Kirkegaard som gammelt til Gravfestelse at maatte forblive, for de avdødes Skyld i samme Sogn, mens Indkomsten allernaadigst at maatte følge Akre Kirke, efter forrige Bemelding, saa blev vel med Tiden lettere at holde den ene vedlige end nu begge. Dette recommenderes til vores høie og gunstige gode Øvrighed, med allerydmygeligst Bøn at dette ringe Forslag ikke mishager, men i beste Maader maa vorde anseet til den ene av disse to Kirkers Vedligeholdelse jo før jo bedre. Og paa det at Akre Kirke ikke skal komme slet til Nerfald, behøver den straks i dette (!) Sommer at forbedres med Bord og Tjære»

Etter rekneskapen for Akra-kyrkja dei same åra har han ført inn dette (utan retting):

«Och som denne Kirche Er meget Brøstfeldig och iche kand hielpes af sin Egen Indkomme, derfor maa Stiftschriffueren forstrecke af Egne Midler til Bord, tierre och Deslige, at Reparare dend med, paa det dend iche Slet schal komme udj Øde, J Naar gud Wil hand Sit udlæg Igien Be kommer, eftersom dette er En fattig och gioldbunden Kirche. Som maaschee Sennt eller Aldrig Betaller.»

I desse to sitata skimtar ein noko av vanskane med å få gjort opp gjelda som Kyrkja på Akra var komen i til Josep Gundersen 15 år før. Men øverheita kan knapt ha sett på dette framlegiet med velvilje. Det veit me no elles ikkje nokon ting om. Beinveges får me ikkje i rekneskapane greie på lagnaden til framlegget, for der finst det ikkje eit ord om det seinare.

KYRKJA FÅR PANNETAK OG BLIR MÅLA (1686—1721).

Kyrkja vart ikkje riven. At både soknefolka og presten har vore sterkt imot framlegget frå stiftskrivaren, det kan me skjønna av ymse opplysningar alt i rekneskapen for 1686—88. Der finn me i lista over

«Inventarium och Ornamenta», at prestens (Tyrholm) «Dydædle Kierriste» (dvs. prestefrua) *Anniche Peders Datter*, har gjeve to fine metall-lysestakar til kyrkja. Dei vog 1 bismarpund. Rett nok skulle prestefrua få overta dei to gamle tin-stakane for 1 riksdalar, men då det bar til stykke, ville ho ikkje ha dei, for «de dude Lidet». Så fekk kyrkjevevja, *Anders Erichsen Langager*, kjøpa dei, og han gav 5 ort for dei.

Men så står det at det ved kyrkja fanst 120 bord som var gjevne av «adtschillige got folch», og dessutan to tunner tjøra, den eine gjeven av *Endre Vikra* og sonen hans, den andre av «Ferchingstad Mænd». Endeleg blir det opplyst at kyrkja har fått i alt 30 voksllys i gåve. Dette voksllys-lageret heldt seg nokolunde konstant heilt til 1721, endå denne kyrkja fleire gonger frametter selde lys til baa grannekyrkjene. Med tanke på framlegget frå Peder Sørensen er det då ikkje vanskeleg å tolka desse meldingane i rekneskapen.

I 1689—91 har dei sett inn eit nytt vindauga i «funten» og gjort i stand troppa. I dei gamle kyrkjene var det vanleg at dei delte av dei to attarste stolrekkjene på kvendesida med eit sprinkelverk. Det skulle vera reservert for kvendefadrane når dei kom med born til dåps. Dette «romet» kalla dei fonten, og det var altså her dei nå fekk vindauga.

I 1692—94 har dei kjøpt 18 bord til golv i baa utskota. Og så får me greie på at ho «*Iffuers-Anna*» (kanskje frå Stava) har gjeve eit «Rød Klædis Alterklæde» til kyrkja.

I 1698—1700 har dei gått i gang med ei større påkosting, som ikkje vart fullført før i 1704—06. Men i eit par mellomliggjande periodar har det meste av inntektene gått til betaling av skattar og avgifter for fleire år bakover. I 1701—03 har dei dessutan mått auka summen til vin og brød «*efter Sognepræstens Begier i denne dyre Wiin tiid*». Og i desse åra har kyrkja fått ei ku av *Ingeborig Wee*.

Dei tre åra 1704—06 var maksimums-perioden i heile hundreåret. Både inntekter og utgifter kom opp i høgare summar enn nokon gang både før og seinare. Det var no dei gjorde ferdig pannetaket på kyrkja. Dei har kjøpt 4 tylvter bord til lekter, 300 lektespiker og betalt 2 dalar i frakt for takstein frå Stavanger. Så har dei sett inn eit nytt vindauga «i Prædichstoelen» og forbeta dei andre vindaugo. Dei har kjøpt 2 tylvter bord til å bordkle våpenhuset med. Vidare har dei kjøpt 4 sperrer og noko dei kalla «bust- og Vindschie-Anchere Wigtig til sammen 1 pund». Det må ha vore noko

slag jernboltar. Tømmermannen, som har tekt kyrkja med panner, lekter, vindskeier og buster, «alt øxe frj», fekk 10 dalar i arbeidsløn. Merkeleg nok er det heller ikkje no oppført nokon kjøpesum for taksteinen. Likevel vart utgiftene i alt om lag 41 dalar. I desse åra har verjene sikkert hatt hendene fulle med ombodsplikter. Men så fekk dei også 2 dalar «for deris flid og umage.» Det er einaste gongen eg har funne ein slik utgiftspost i rekneskapane for denne kyrkja.

Også inntektene var større enn før. Dei nådde opp i meir enn 36 dalar. Av denne summen utgjorde korntianda og kyrraleiga til saman vel 25 dalar. Resten var gåver: *Presten* og *Tomas Jøsang* har gjeve 1 dalar kvar, *Endre Risdal* 2 ort og «almuen» 2 dalar og 2 ort, — og så dei to som kjøpte seg fri for ombodspliktene, og som er nemnde før.

Den eine av kyrkjeverjene i desse åra var *Amon (Aamon) Ferkingstad*.

I dei to-tre periodane etterpå er det kje stort som har gått til vedlikehaldet. 1710—12 har dei kosta «oplag» på halvanna tunne tjøra, som «dend Danneqvinde Ingebor Væa» har gjeve. Det var andre gongen den kvinna gav noko til kyrkja på Ferkingstad. Båe gåvene hennar var nok verde 6—7 dalar.

Elles er det nemnt andre og som har gjeve eitkvart til kyrkja, anten penger eller arbeidsyting. Våren 1718 måtte dei byggja oppatt våpenhuset, som julaftan før «blev gandske nedslaget af en vældig storm, og blev samme Reparation gjort paa Almuens bekostning.»

Dei siste åra det er ført inn rekneskap for, var 1719—21. Då fjelga dei opp kyrkja reint storveges: Dei har «stafferit og overstrøgit Kircken rundtten omkring med rød brun farve, Tran og Tiære-Loug.» Til dette gjekk det med 2,5 våger farge, 18 kanner tjørelog og 8 kanner tran. Før dei gjekk i gang med denne stafferinga, kjøpte dei 4 tylvter «kjøpmannsbord» til «bordtagetz forbedring paa syndre Side af Kircken og udj Brystet samt vindue Lugerne.» Av same borda la dei nytt golv «udj Mand folcks stoelen.»

Dei siste orda i kyrkjestolen for Ferkingstad-kyrkja lyder slik:

Noch af een deel goddædige folck forærit til Kirckens approberede reparation, som vuaer udj verk, og Pengerne staar hos Sogne Præsten, for deraf bekostningen at udreede, 21 daler, 2 ort og 13 skilling.»

Det har såleis vore meininga at det skulle kostast meir på kyrkja, men om det vart noko av, veit me ikkje.

Ikkje berre pengegåver har kyrkja fått i desse åra. I inventarlista for 1719—21 finn me fylgjande gåver og gjevarar:

1 Ny Messeskiorte forærit af *Sogne Præstens Kieriste*.

1 Ny dito af Catton (bomullslerret med påtrykt mønster), forærit i denne Maale af den Dannemand *Lauritz Knudsen Møglebustad*.

1 vacker nyt rød Klædis Alterklæde med frøndzer om, forærit af den Dannemand *Ole Olsen Eskeland af Høilands Sogn*.

1 Ny Alterdug, forærit af Klockern, velagte *Dirich Siverson*.

Som me har sett, skulle kyrkjene synfarast av representantar for styremaktene med visse mellomrom. Berre frå 1660-åra finst det no att melding om resultatet av slike synfaringar av kyrkja på Ferkingstad. Ho vart «besigtet» både 1663, -66 og -69. Frå protokollen over synfaringa i 1666 får me veta at bøndene har lova å gjera i stand sitjeplassane i kyrkja sjølve, utan utgift for kyrkja. I «besigtelsen» for 1669 heiter det at preikestolen er «gandsche V-døgtig, saa den hæderlig Mand Præsten maa med stoer Liffsfare der udj Sit Embed for tilhørerne forrette.» Difor må stolen byggjast opp på nytt. Ein ny funt med sprinkelverk rundt trengst og, likeeins to nye stolrekkjer «En paa mand folch och En paa Quind folch Siderne.» I denne synfaringa er det dessutan nemnt eit hus ved kyrkja, som elles ikkje nokon stad finst omtala i rekneskapane: «Stiehuset will med nogle Bord repareris.»

* * *

Spør me oss no korleis kyrkja på Ferkingstad har sett ut frå 1635 til 1721, så er det ingen andre som kan gje svar på det, enn opplysningane i kyrkjestolen og meldingane om «besigtelsene» i 1660-åra. Og endå me av det referatet eg har gjeve her, har fått veta meir enn tradisjonen i sokna har kunna melde om, så kunne me nok ynskja meir detaljerte opplyssingar til å gjera oss eit tydeleg bilete av henne i tankane.

Me har sett at denne kyrkja må ha hatt serskilt kor-bygg ut frå grunnplanen for sjølve kyrkjehuset. Men korleis såg det elles ut, byggverket til kyrkja på Ferkingstad frå Østen Wellomsen si ombodstid — utanfrå, etter grunnplan, høgd og med dei ymse tilbygg som kom til etter kvart? Og korleis såg det ut inni? Har det hatt kvelvtak, slik som det dei la i den gamle kyrkja i 1620-åra? Me finn ikkje nokor opplysning om det i dei rekneskapane me har att no. Men me skal hugsa at det er nokre år me vantar oppgåver for. Og me har sett at soknefolka har gjort gratis arbeid og ytt

andre gåver som kom kyrkjebygningen til gode utan utgift for kyrkjestolen. Det er rimeleg å tenkja seg at ein del slikt kan vera gjort utan at det vart nemnt i rekneskapane. Men jamvel det me *har* opplysningar om i kyrkjestolen, kan me ha vanskar med å tolka rett, — som når det gjeld plasering av og form på «Suallen, Vdschaadene og Stiehuuset».

Eit par inventar og ornament som me i dag held for naudsynlege når det gjeld kyrkjebygningar i vårt land, veit me at denne kyrkja har sakna: Ho kan ikkje ha hatt *omn*. Folk kunne såleis ikkje sitja i oppvarma rom under høgmessa i den kalde årstida. Men det var eit sagn som folk i Ferkingstad sokn ikkje var åleine om i dei tider. Derimot hadde båe grannekyrkjene *tårn*. Det har ikkje denne kyrkja hatt. Ordet *sakristi* leitar me fåfengt etter i kyrkjestolen for den tida det gjeld. Men kan henda eit av dei lokalitetane som er nemnde ovanfor her, kan ha vore sakristi?

Den kyrkja som vart riven i 1853, før dei tok til å byggja den som no er i bruk, var 12 alner lang og 7 alner brei. Til dette kom eit lite våpenhus og ein takryttar, som skulle gjera ut for tårn. Men det er ikkje meldt om noko serskilt utbygg for koret, heller ikkje om galleri i den kyrkja.

Etter gjennomgåing av kyrkjestolen for Ferkingstad sokn fram til 1721 kan eg for min part ikkje koma til anna resultat enn at den kyrkja som var i bruk før den noverande, må ha vore eit ringare byggverk enn det som var ferdigtømra kring 1640, fekk pannetak i 1705 og vart staffert i 1720.

Det var arkivar **Gunvald Bøe** i Riksarkivet som gjorde meg merksam på dei gamle kyrkjerekneskapane. Utan den hjelp og rettleiing eg har fått av han, hadde denne utgreiinga knapt vorte til. Eg nyttar difor høvet her til å seia han mi beste takk.